



Statens vegvesen

Referat

Dato: 16.04.2026
Tid: 09.00–10.00
Referent: Gun-Mari Ødegård

Saksbehandler/telefon:
Gun-Mari Ødegård / 57655834
Vår dato: 17.04.2026
Vår referanse: 26/47148-4

Detaljregulering E39, Østenstad bru, samrådsmøte

Møte: Samrådsmøte
Sted: Teams
Møteleder: Gun-Mari Ødegård
Til stede: Anniken Heggedal Sunnfjord kommune, Sofie Maria Bergstrøm Sunnfjord kommune, Sonja Fjellkårstad SVV, Gun-Mari Ødegård
Forfall:
Kopi: Tone Anette Espe

	Ansvar / frist
1. Statens vegvesen ønsker å starte reguleringsplanarbeid for E39 Østenstad bru. Østenstad bru er gammel og i dårlig stand. Det hastar med å erstatte brua. Ny bru blir tilpassa standard H1 som er 9m breidde. I følgje hydrologiske berekningar er heller ikkje lysopninga på brua på lokalvegen stor nok. Så det er mogeleg at også denne brua blir bytta ut. Fordi det ikkje er ønskeleg at bekken renn langs E39, slik den gjer i dag, har SVV forslag om å lage nytt løp for bekken rett ut i Jølstra. Det er gjort grunnundersøkingar i samband med bygging av brua på lokalvegen, men det vil bli gjort meir undersøkingar no. 2. Sunnfjord kommune har ingen merknad til at Statens vegvesen brukar §3-7 i plan og bygningslova. Oppgåvene blir fordelte i samsvar med tabell i punkt 4. Sunnfjord kommune ønsker at formannskapet får ei orientering om planforslaget før det blir lagt ut på offentleg høyring. 3. Sunnfjord kommune har motteke ei skisse som viser planområdet, skissa er ikkje endeleg. Før SVV varsla oppstart av planarbeidet skal kommunen ha tilsendt kart over planområdet.	

4. Arbeidsfordeling mellom Statens vegvesen og Sunnfjord kommune ved planlegging etter pbl §3–7.

Aktivitet	Statens vegvesen	Sunnfjord kommune
Arbeidsopplegg for å sikre informasjon og medvirkning gjennom planprosessen	X	
Varsel om planstart, kunngjering i avis kommunen legg i tillegg ut på si heimeside	X	
Varsel om planstart, brev til berørte mm.	X	
Informasjonsmøte – Varsel om planstart	X	
Utarbeide planforslag med naudsynte utgreiingar	X	
Planforslag gjøres tilgjengelig hos www.vegvesen.no og Sunnfjord@kommune.no	X	X
Sende planforslaget på høyring og off. ettersyn til berørte grunneigarar, andre off. myndigheter og interessenter, jf. § pbl. § 3–7. SVV stiller på orientering til formannskapet før SVV legg plan ut til off. høyring.	X	
Informasjonstiltak – Høyring og off. ettersyn av planforslag.	X	
Merknadshandsaming etter høyring/off. ettersyn av planforslag. - merknader til plan skal sendast direkte til SVV - gjennomgang av innkomne merknader ilag med kommunen	X	X
Justering av planforslag etter høyring og off. ettersyn.	X	
Vedta planen		X
Kunngjere og varsle planvedtak		X
Handsaming av klage/motsegn Statens vegvesen må få anledning til å gi sine kommentarar til eventuelle motsegner/klager før kommunen handsamar desse.		X